



Arvid Ask
Fleslandsveien 252
5258 BLOMSTERDALEN

Dato: 07.01.2014
Vår ref.: 2014/230-54
Dykkar ref.:

Dykkar klage til Sivilombodsmannen – ber om stadfesting

Me syner til dykkar e-post av 3. januar 2014 der det går fram at du klagar vedtak om avslag på innsyn inn for Sivilombodsmannen. Du skriv følgjande: «Viser til ditt svar og slik jeg oppfatter det som et endelig avslag fra Hordaland fylkeskommune om å få innsikt i saken vedr. arbeidet i faggruppen.» Det går vidare fram av dykkar e-post at: «Jeg står fortsatt fast ved påstanden om hemmelighold når en rekke anmodninger om innsyn blir avvist på et spinkelt eller feil juridisk grunnlag. Jeg klager derfor dette vedtaket inn for Sivilombudet og ber om at dere effektuerer klagen.»

Me syner til tidlegare korrespondanse i saka, og særleg til vår e-post av 3. januar 2014, der me meiner at det ikkje har vore knytt hemeleghald kring sakshandsaminga, og til vår e-post av 2. desember 2013, der det går fram at referatet frå møta i arbeidsgruppa framleis er unnateke offentlegheit. Det vert vist til offentleglova § 14 1. ledd. Det går fram at referata er dokument som er utarbeida i samband vår eiga interne saksførebuing i høve til utarbeiding av *Mogelegheitsstudie Fleslandsområdet*. Dette dokumentet er offentleggjort i sin heilheit.

Me vil for ordens skuld gjera dykk merksam på offentleglova § 31 1. ledd. Her går det fram at:
«Avslag på innsynskrav skal vere skriftleg. Organet skal alltid vise til den føresegna som gir grunnlag for avslaget, og til kva ledd, bokstav eller nummer i føresegna som er brukt.»

I offentleglova §31 1.ledd heiter det at: *«Avslaget skal også opplyse om høvet til å klage og om klagefristen.* Me seier oss lei for at det i vår e-post av 2. desember 2013 ikkje vart opplyst om høve til å klage og om klagefristen. I forvaltningslova § 29 heiter det at *«Fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part.»* Ettersom det ikkje vart opplyst om klagefrist i vårt svar av 2. desember 2013 vil me vidareformidla dykkar klage.

Før klagen kan handsamast av Sivilombodsmannen, må klagen vera avgjort hjå forvaltningsorganet (Fylkesmannen i Hordaland). Klagen er motteke samferdselsavdelinga den 3. januar 2014. Me ber om at du snarast stadfestar pr. e-post til underteikna korvidt du opprettheld denne klagen og ynskjer den handsama.

Offentleglova § 32 klage, lyder:

«Avgjerder etter denne lova kan påklagast til det forvaltningsorganet som er nærmast overordna det forvaltningsorganet som har gjort vedtaket. Avgjerder om å gi innsyn kan likevel ikkje påklagast. Fylkesmannen er klageinstans for vedtak i kommunalt eller fylkeskommunalt organ. Kongen kan gi forskrift om kva organ som skal vere klageinstans for avgjerder tekne av statlege organ. Kongen kan også gi forskrift om kva organ som skal vere klageinstans for avgjerder av rettssubjekt som er omfatta av § 2 første ledd bokstavane b til d. Når det blir klaga på ei avgjerd frå eit departement, skal departementet opplyse

klagaren om at retten til å klage til Sivilombudsmannen ikkje gjeld for avgjerder gjorde av Kongen i statsråd.»

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Torill Klinker
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.